

Til Volda kommune v/ordfører Sølvi Dimmen – grendelag i Volda - og oss innbygarane

ei utviding – avløyser - orientering av 20.08.2021

Startsaker: Fiskeridirektoratet 18/17946 til 22/15159

Miljødirektoratet 19/2500, vidare Statsforvaltaren

Med atterhald om feil og manglar – vi har ingen god oversikt over saker som ikkje har gått gjennom dei to grendelaga i covid-perioda. Arbeidet for felles saker på overfiske er lagt på «boksa» **Fiske** <https://www.volda.kommune.no/tenester/veg-vatn-og-miljo/fiske/> under Volda kommune så langt ein har fått det til

«Det offentlege» legg nye saksnummer utan at ting som høyrer saman er kobla saman. Døme er Fiskeridirektoratet (saltvassfisk) og Miljødirektoratet (ferskvassfisk og anadrome fiskeartar). Eit fellesmøte ein gong for året gir samarbeidstilhøva

Så styrer Fiskeridirektoratet eit friast mogeleg fiske for yrkesfiskarane. Ein er tilbake til regulering av 1963 for Møre og Romsdal – ingen lysregulering – dagens fjordsnurpenot er djupare enn havsnurpa 1960 (fjordsnurpa 1960/20 famner ca. 40 meter, havsnurpa 1960/120 meter, dagens djupaste fjordsnurpe 90 famner ca.170 meter) og når botn i alle grunne område. Lokal fisk, kalla bifangst er nedfiska – dermed ingen bifangst rapportert i kasta lenger. Trasige greier

Lokalt var ein heldige at det oppstod eit formelt samarbeid i Søre-Sunnmøre-kommunane – Sjustjerna – på lokal fisk. Kommunane stilte midlar til forskning til **Runde Miljøseinter**, som har samarbeid med Havforskningsinstituttet – ein vonar på ei meir opplyst forvaltning på dei lokale fiskeressursane

Havforskningsinstituttet er og i gang med forskning på rømd oppdrettstorsk (minst 87 000 stk. etter teljing) frå anlegg i Voldafjorden. Så midlane Søre-Sunnmøre-kommunane løyvde til Runde Miljøseinter for å få i gang forskning på lokale fiskeressursar og fjordane sin bæreevne har løyst ut meir forskning frå Havforskningsinstituttet med Fiskeridirektoratet som bestillar

Statsforvaltaren i M&R er og i sluttfasa med sin plan for elvar og ut i fjordane eit stykke

Er ein heldige kan kanskje Møre og Romsdal fylke (som landet sitt siste fylke) og få ei lokal fiskeriforvaltning ut frå kunnskap – ikkje berre frå synsing – som til no

Kva har grendelaga i Volda og Søre-Sunnmøre-kommunane oppnådd i lag med resten av kysten åra 2017 (J-169-2017) til no:

Saka – utfisking av lokale fiskeartar og neddreping av sjøbotn i grunne område – er sedd av interesserte og politikarar lokalt

Samarbeid innan Sjustjerna/Søre Sunnmøre-kommunane om lokal-fisk-saka

Midlar til forskning ved Runde Miljøsender frå same kommunar

Kontakt med Havforskningsinstituttet

Kontakt med Fiskeridirektoratet

Fått forståing for at Norges Fiskarlag sin administrasjon går for overfiske på kysten og at overfiske utan meir regulering i forvaltning til gjenvekst fungerer ikkje

At ein er redde for fiskarane si sikkerheit – går mot betre løysing for rapportering på mindre båtar

Betre overvaking av ressursane i fjordane

Men det er eit stykke att – Fiskeridirektoratet har ein ufatteleg tregheit i seg – og tillet no kystfiske etter 1963-modell – heilt likt fyrste nedfisking av lokale fiskeressursar i fjordar og grunne område for yrkesfiskarane – utan god nok regulering av lys og med snurpenøter som når i botn

Statsforvaltaren regulerar frå elvane og ut i saltvatn – men når ikkje opp i høve til F.dir

At ein ikkje har felles forvaltning på fisk – i alle fall frå fjellet og ut til kystlinja – er uforståeleg. Kvifor har landet to slike – og desse gjer lite for å forstå kvarandre

Kvar generasjon må lære ting på nytt - utruleg

Saka: Hos Fiskeridirektøren:

J-169-2017 – oppheving av lysforbod ved bruk av snurpenot i Møre og Romsdal

Sak 18/17946, starta av grendalag og enkeltpersonar rundt Voldsfjorden etter J-169/2017. Sak 18/17946 er arkivert 23.01.2021 - utan melding til partane

Sak 20/66556 – lys og for djup snurpenot

Sak **22/15159** – lys og for djup snurpenot. Ein likar ikkje at folk frå Sjustjerna-området har kontrollert med avdeling Tromsø og funne at det framleis er lysforbod i dei tre nordlegaste fylka

Saka: Hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal – start i Miljødirektoratet sak 19/2500

Statsforvaltar i fylka, Volda og andre kommunar. Siste for Møre og Romsdal si sak Ei oversikt hadde vore ynskjeleg – grendalaga har ikkje den til no – men her ligg eit forarbeid på dei mindre elvane

Fjordar og grunne kystområde vårt felles ansvar – ein statusrapport frå 02.02.2020 - om arbeidet med overfiske lokalt i Volda-fjordane

Grendalag i Volda og lokale engasjerte enkeltmenneske samlar opplysingar i felleskap for å få funksjon att – for lokale fiskeartar - i overbelasta fjordar i Volda - og i utfiska kystsoner

Gå til:

Heimeside Volda kommune > Veg vatn og miljø > Fiske:

<https://www.volda.kommune.no/tenester/veg-vatn-og-miljo/fiske/> er oppretta i samarbeid med kommuna.

- Grendalag i Volda sine brev til Fiskeridirektoratet/f.dir. ligg her
- Brev fra grendalag i Volda kommune vart sende frå Oddvar Høydalsvik sin E-post
- F.dir. sender svar tilbake med Oddvar som mottakar sjølv om gjeldande grendalag står som avsendar. Svaret i brev av 14.09.2020. Regulering avvist. Svaret var tydelegvis klart før sakshandsaming. Der er lite/begrensa samanheng mellom innsend informasjon/krav og svaret
- Så laga Austefjord grendalag og Indre Dalsfjord grendalag ein kommentar av 18.10.2020, hos f.dir. registrert som dokumentnr. – ikkje saksnr. - 20/66556. Svar er lova ca. 30.08.2021 etter mange purringar – både på kommentaren, og resultat av innlevert fisk til Havforskningsinstituttet. Svar enno ikkje motteke pr. 23.01.23 – etter nokre purringar
- I ei coronatid valde ein denne boksa (Fiske) til formidling av informasjon til dei interesserte. Metoda er virusfri (for covid 19) og tilgjengeleg
- Kjerne-informasjonen er med – men mange fleire enn grendalaga har skrive og ringt inn sine meiningar – **drive prøvafiske med innsending til Havf.dir.** - vi har ingen oversikt over desse, men seier takk for innsatsen til denne tid

Rapporten <https://www.volda.kommune.no/f/p39/i753cc7fe-fd63-4a6f-a469-86fdeb18d136/austefj-grendalag-rapport-fiske-18-17946-2-pdf-0602202044865.pdf> av 02022020 har sin bakgrunn i lokal omsorg for at fjordsystemet vårt skal få lov til å fungere. Kladden var lagd ut til kontrolllesing på Austefjord-sida på Facebook fleire gonger ved produksjon for kontroll frå nærområdet for godkjenning. Den var og i f.dir. og hos Møre og Romsdal fiskarlag (frå 2023 Sørnorges Fiskarlag) for gjennomlesing utan at ein spora særleg glede for informasjonen desse plassane

Austefjorden er ein fjord der nokre få eldre kjenner fjorden, og er eit døme på kva kunnskap som er i ferde med å gå tapt i kystforvaltning. Derfor denne rapporten frå grendalaga

Rapporten frå Austefjorden har naturleg lokal informasjon i seg. Informasjonen er mykje lik dei fleste fjordar og grunne område på norskekysten. Tidspunkta for tidlegare reguleringar i enkeltområde er ulik

Anadrome fiskeartar – laks, aure osv - brukar same område på sin veg til og frå ferskvatn – auren er i området heile tida - alt heng saman

Vanylven kommune – med same utfordring for lokale fiskeartar melde seg på for samarbeid.

Resultatet i samarbeid med Volda kommune vart eit prosjekt for Sjustjerna på **Runde Miljøsent**er der eit fleirtal av **Sjustjerna sine kommunar stilte eit beløp pr. innbyggjar til disposisjon til forskning** på lokalt fiske i grunne område

Takk til **ordførarane** i **Volda og Vanylven** for at dette let seg gjere. Kommunedirektøren i Volda hadde på førehand organisert mange av sine kollegaer i Sjustjerna til nei til desse midlane. Heldigvis vann politikarane. Korleis resten av lokalpolitikarane har påverka saka veit skrivar fint lite om

Samarbeidsprosjektet – Sjustjerna/Runde Miljøsenter for desse midlane går no mot avslutting: Nils Roar Hareide v/Runde Miljøsent er opplyser at siste fiskeprøvene i dette prosjektet blir sende til Havforskningsinstituttet i Bergen 23.jan. 2023, så byrjar han på rapportskrivinga – sluttdato ikkje kjend – heng saman med kva tid Havf.inst. leverar si vurdering av fiskeprøvene

Statsforvaltaren i M&R v/Geir Moen – arbeider framleis med sak for regulering av elvar med tilhøyrande fjordlinjer med tanke på anadrome fiskeartar – den er ikkje ferdig, har fått mange innspel frå Søre Sunnmøre og her er det framleis mogeleg å tilføre informasjon

I **Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet** har vore **omorganisering**, korleis dette slår ut for kystfisken er spennande:

- Havforskningsinstituttet – som forskar fram kunnskap – skal få ei friare stilling – kva no det kan innebere
- Fiskeridirektoratet har fått Høgre sin tidlegare talsmann for kystnedfisking som Fiskeridirektør. Ny tildelingsdirektør akkurat no kjem direkte frå stillinga som administrerande direktør i Tromsø-avdelinga i Norsk Fiskarlag. Om ikkje desse to går over til reine formalitetar – men fyl sine tidlegare bindingar – er lokale fiskebestandar historie på heile norsk kyst på kort tid. Norsk fiskeri er på høgde med Senja – på tur nordover – med utfisking av lokale fiskebestandar – andre runde - i fjordar og grunne område. Fyrste nedfisking var rundt 1960 – då sildebstanden i Norsjøen kollapsa – seinare årstal nordover
- Trøysta er frå avisene. Rundt Østersjøen byrjar forskarane å forstå den lokale silda sin verdi for lokalt fiske. Kanskje Fiskeridirektoratet då tek til seg informasjonen som Havforskningsinstituttet har bygd opp over mange år og startar skikkeleg forvaltning av lokale fiskestammer på norsk kyst – sjå lenkjene i [https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Sild -
_kystsild_og_lokal_fjordsild](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Sild_-_kystsild_og_lokal_fjordsild) - eit lokalt tiltak for meir info

Prøvefiske av sild og torsk er utført i Austefjorden, Bjørke/Storfjorden, Dalsfjorden og Kilsfjorden/Fylsvika i samarbeid med lokale medhjelparar i 2020, 2021 og 2022. Fiskeprøver er og sende frå Vanylven, Sande – (og utanfor Søre-området frå Sykkylven). Tid og stad er registrert – prøvene er sende om Runde Miljøsent er til Havforskningsinstituttet for forskning – Havforskningsinstituttet sender melding til f.dir om resultatet

Det munnlege svaret frå sakshandsamar f.dir er omlag slik: Her er framleis lokal sild og torsk – på dei spesifiserte plassane ein har prøvefiska – for silda omlag halvparten som innblanding med ferdafisk – men dette er for dårleg grunnlag å ta stilling til regulering – ein må ha prøver i større omfang frå fangstane til yrkesfiskarar for å stadfeste innblanding av lokale artar

Lokalt prøvar ein å fylgje med svara – ikkje enkelt – og svara gir «hakeslepp». Ved ei sikker prøve på lokal sild frå Sande/Gurskefjorden vart det konkludert **ingen lokal sild** – sjølv om prøver/forskinga gav lokal sild/kystsild som svar. Noko etterpå kom svaret på ein SMS til Sykkylven: Det vart ikkje konkludert med lokal sild då denne var fanga så langt ute på kysten – og forskaren rekna med at om konklusjonen var lokal sild ville han misse jobben omgåande. **Presset på forskarar frå betalar** – f.dir. – og forhandlar for friare fiske, Norges fiskarlag – må vere voldsomt stort. Heilt fornuftig med omorganisering som gir Havforskningsinstituttet ei friare stilling

Spørsmålet er då for dei som har meldt om andre gongs nedfisking av lokal sild: **Korleis bevis at dei lokale sildestammene har eksistert** – når yrkesfiskarane har fått løyve til utfisking i lag med ferdafisk – og i ettertid skal telje bifangst – **som allereide er oppfiska** mot betre vitande

Fiskarane som har vore i fjordane her slår av AIS (fiskarane sitt sikringssystem for eige liv om ulukka er ute) når dei er i fjordane for fisking. Om innbyggjarane er i tvil om lovleg fiske og tek bilete av kvar båtane er – må bileta vere klare, ha synleg identifikasjon på båten og verifiserbar bakgrunn for posisjonering - for å ha verdi. Lokalbefolkninga blir dermed ikkje sett på som truverdige informantar utan verifiserbart biletbevis – kanskje ikkje då eingong

Kronikk frå Norges fiskarlag – Sunnmørsposten 29.08.23 – Sjikaneres for å fange kortreist mat - <https://www.smp.no/meninger/kronikk/i/x81WbR/sjikaneres-for-aa-fange-kortreist-mat> fortel litt om situasjonen

Artikkel i Møre-nytt papiravis 27.01.23 – og Sunnmørsposten – lasta i begge aviser 24.01.23:

«Fjordfiskar: - Noko slikt har eg aldri sett før»: At det er veldig lite lokal sild/fjordsild – fiska på kvota til NVG-sild – å finne – situasjon lik den vi skriv om i rapport av 02.02.2020

Ikkje særleg rart – ein har brukt lys og for djup not som når botn sidan J-169-2017 att på grunne område – kopi av nedfiskinga av fjordsilda rundt 1960 – etter reguleringsmodell 1963 – det fungerte denne gongen og – like «vellukka» ved andre gongs nedfisking av lokal sild

KVARDAGSMATEN for for lokal fisk og sjøfugl har inga framtid utan praktisk regulering med meining i. **Her er for lengst rikeleg informasjon for regulering medan ein forskar vidare.** Til denne tid har ein berre møtt rundt prat frå dei som har reelt mynde til regulering. Dei må/vil forske vidare. Den velkjende: Kua daudar medan grasen gror – er fullt gangbar i denne samanhengen og

Offentlege aktørar no rundt 20.01.2023 er:

Fiskeridirektoratet <https://www.fiskeridir.no/> (f.dir) - regulerande mynde. Har friast mogeleg fiske for yrkesfiskarane som rettesnor – og overdriv denne. Sjå svar frå f.dir. regulerande mynde av 14.09.2020, underskrive av: Seksjonssjef Trond Ottemo tlf. 468 03 970 og seniorrådgiver Njål Wang Andersen tlf. 906 13 895

Havforskningsinstituttet <https://www.hi.no/hi> - forskar og gir råd til f.dir

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, Miljøavdelinga <https://www.statsforvalteren.no/nn/More-og-Romsdal/> . Skal styre fiske av anadrome fiskeartar – regulerar i elv og sjø - men når ikkje opp/blir overkøyrd - i høve til f.dir – som meiner fritt fiske for yrkesfiskarane er viktigast. Ein **fungerande fjord** er fiskerimessig er eit punkt lenger nede på prioriteringslista

Runde Miljøsentre <https://rundecentre.no/> - har hatt oppdragsforskning tidlegare på KVAR DAGSMATEN for lokal fugl og fisk – og er ei kunnskapsbase på dette feltet – no i omorganisering for nærare samarbeid med havforskningsinstituttet – og i startfasa for vidare forskning på kyst- og fjord-ressursane. Vi må ynske lukke til i denne vanskelege oppgåva. Volda kommune må ta eit skikkeleg krafttak i dette arbeidet med tanke på lokal forvaltning

Kommunane har ingen medverknad lenger i fiskeriforvaltning på eige område slik det var i forrige runde med nedfisking i fjordane – rundt 1960 - no prøvar ein på nytt å få lokalt fiskeri inn i kommunale planar. Sørrekommunane på Sunnmøre – **Sjustjerna** – skal ha eit samarbeid på forvaltning av lokale fiskeresursar. At desse kommunane løyvde midlar så Runde Miljøsentre kom i gang med forskning i samarbeid med Havforskningsinstituttet. Eit stort steg framover – og fyrste steg til forskning også i Møre og Romsdal i.flg. sakshandsamarane i Fiskeridir <https://www.volda.kommune.no/f/p39/if3f4d284-c0fd-4f56-9b83-d388b4e4c6e3/brev-140920-angaende-fjordfiske-i-volda-kommune-more-og-fra-fiskeridepartementet-til-arustefjord-grendalagromsdal.pdf>

Volda kommune: Ordførar/administrasjon har brevveksla med f.dir., Havforskning, M & R fylke og statsforvaltaren, om denne saka på overfiske, men og tema i same lei, som kystsoneplan. Grendalaga rekk ikkje opp å fylje med her

Høgskulen i Volda <https://www.hivolda.no/> . Historisk fagseksjon - har tidlegare vore innblanda i historieverk om havfiskeria. No er tida komen for ny skriving/gjennomgang av indre kyst- og fjordfiske. Lokale folk som driv dugnad rekk ikkje til i gjennomgang av historisk stoff i arkiv. Motviljen i f.dir. og Havforskningsinstituttet mot å bruke kunnskap frå eige arkiv i forvaltning av lokale fiskestammer er utruleg sterk

Lat oss bruke dette høvet til å få fram historisk kunnskap om tolegrensa til fjordar og grunne område. I f.dir. sitt bidrag i statsarkivet er mykje slik informasjon. Dette i kombinasjon med lokal kunnskap er god empirisk kunnskap til god forvaltning av indre kyst, heilt opp i fjellvatna. **Ein treng midlar til eit slikt historie-prosjekt om bruk av fjordar og grunne område i landet skal bli forsvarleg forvalta i framtida**

Yrkesfiskarane sine organisasjonar trykkjer på for friast mogeleg fiske for dei store aktørane. Dei små aktørane i same organisasjonane når ikkje opp i sitt arbeid for ei rimeleg belastning i kystfarvatn i høve til ressurstilgangen

Hovedsaka for dei engasjerte grendalaga er at f.dir må regulere område – så forske. Ikkje som i dag – at ein tillet utfisking av område, såkalla statleg rovfiske – før forskning

Organisasjonar og enkeltpersonar som har meiningar må – **bruke saksnummer og krevje å bli registrerte** – om dei ynskjer å ha påvirkning. Les grendalaga sin rapport – og seinare kommentar på avslag om regulering før du snakkar. Overfiske med påfylgjande reguleringar har skjedd på norsk kyst sidan 1880 på kval, torsk, sild, makrel, hummar.... Regulerar ein det eine, må ein regulere det andre. «Intet er nytt under solen»

Alle treng mat kvar dag for å overleve - også fisk og sjøfugl

Det veks ikkje opp kysttorsk eller andre lokale artar om dei ikkje får mat heile året

Kvardagsmaten til kysttorsk og annan reativt lite vandrane fisk er tilgangen på mat - sild, sil , brisling av lokale artar - dei lite vandrane/lokale artene

Årsaka til det att er generasjonane sitt behov for å å lære av eigne feil i staden for å bruke empirisk (prøve og feile) kunnskap

Då silda vart nedfiska i Nordsjøen 1950 til 1965 gjekk havfiskarane inn i fjordane med for **for djupe nøter/grov reiskap og lys og la fjordane brakk**

Den lokale torsken brukte 20 år for å bygge fiskande bestandar. Den lokale silda hadde behov for 60 år på å bygge seg opp att - men fekk aldri sjansen - <https://www.volda.kommune.no/tenester/veg-vatn-og-miljo/fiske/> - fellesinformasjonen frå generasjonen fødd 1900 til 1930 - som fortel om andre gongs statsstyrt overfiske/rovfiske

Om forvaltning og våre folkevalgte ikkje forstår problematikken av **kvardagsmat** - den daglege tilgang på mat - blir der ingen kysttorsk av særleg omfang meir, ikkje andre lokale fiskeslag heller

Om du har ei meining om saka – skriv brev eller ring til **Fiskeridirektøren**, gjerne ved sakshandsamar – **be om at meininga di blir registrert på saka** – f.dir har suveren rett frå Storting og Regjering til siste ord i regulering av fisket i fjordane (og i resten av norsk territorial-farvatn) – regulering er i form av J-meldingar og blir lagt inn i Lov-data som lov, gjeldande dato til dato

Saka for fjordane i Volda kommune har fyrste registreringsnr. hos **Fiskeridirektøren 18/17946** og kan fyljast frå dette saksnr. til stat/fylke/kommunar – ei krevjande oppgåve – men det burde finnast ei samla oversikt. Siste saksnr frå grendelag i Volda 22/15159

Overraskande nytt pr. 16.08.2021 var at sak 18/17946 hos **f.dir.** vart avslutta 20.01.2021 etter brev til grendalaga av 14.09.2020 underskrive Trond Ottemo og Njål Wang Andersen. Prøv likevel. Seinare: 20/66556 og 22/15159

Ei tilbakemelding frå grendalag i Volda – f.dir. dokumentnr. 20/66556 er registrert – men ikkje vedlagt saka 16.08.2021 – og er ikkje eit saksnummer – berre eit dokumentnummer.

16.08.2021 lovde sakshandsamar Njål Wang Andersen ny gjennomgang av 18/17946 med tilknytt saker innan ei veker tid: Han peikar samtidig på at:

- Saka 18/17946 er avslutta 23.10.21. Ein får truleg ny stadfesting av brev av 14.09.2020
- F.dir. har ikkje tid til å ta opp att saker når der kjem kommentar på avslag
- Sakshandsamar seier der kjem brev frå heile landet frå privatpersonar og grupper for at nettopp deira fjord skal stengast fordi dei lokale vil ha fisken for seg sjølve
- F.dir. har som oppgåve yrkesfiskarane sitt frie fiske - og kan ikkje ta små omsyn i så måte
- Statsforvaltaren si regulering med elve-munnings-frednings-soner blir av f.dir. sett på som ei plage for fiskarane. Difor overkøyring frå f.dir. si side med løyve til bruk av lys og djup not i deler av året

I same samtale vart peika på frå grendalaga at:

- Rapporten av 02.02.2020 er skriven med fjorden – og fjorden sin funksjon – som tema
- Enkeltfiskarar er ikkje belasta frå lokale folk med unntak av behov for avklaring av regelverk
- F.dir. sine sakshandsamarar tek standpunkt ut frå **sylytynn kunnskap** om fjordane. Eit godt døme på sylytynn kunnskap er Havforskningsinstituttet sin rapport om bruk av lys frå 2012
- Dei engasjerte grendalaga og enkeltpersonane må trykke på for å få f.dir. til å stenge områda – og så forske – ikkje som i dag, å fiske ut områda og sidan forske – ei metode som etter få kast gir ingen bifangst

Framtid:

- Om ikkje sak 18/17946 blir opna att no ved ny gjennomgang må grendalag i Volda starte ny sak for å få opp eit nytt saksnummer der telefonar og brev blir registrerte ved kontakt til f.dir.
- <https://rundecentre.no/> er tildelt oppdrag frå Havforskningsinstituttet på kunnskapsinnhenting på lokale fiskebestandar. Lat oss alle vone at dei lukkast – og blir høyrde – i toppen av – gjentek, i toppen av - f.dir.
- Så vonar vi at **folket langs fjøra** blir høyrde - **dei som arbeider for fjorden sin funksjonalitet**

Gjer så godt ein kan:

Grendalaga og enkeltaktørane som hjelper til har begrensa kapasitet. Informasjonen frå grendelaga om saka er difor ikkje fullstendig utover det grendalaga har gjort i fellesskap. Ein prøvar så godt ein kan å få fram sann informasjon for rett forvaltning av områda

Frå Norges fiskarlag sine representantar blir ein møtt med – «kom med dokumentasjon, så blir de tekne omsyn til» - fisinga med lys må føregår medan det er mørkt – så snakkar ein om kvarandre og informantar vert ikkje trudde – og så har ein det gåande. At lokale fastbuande folk – som ynskjer eit levande fjordsystem - har same truverd som yrkesfiskaren med dei økonomiske interessene og stor mengde instrument må vere sjølvsgt. Slik er det dessverre ikkje skal ein tru leiaren i Norges Fiskarlag i Sunnmørsposten <https://www.smp.no/meninger/kronikk/i/x81WbR/sjikaneres-for-aa-fange-kortreist-mat>

Ein har gjort **eit eksperiment** i innsamling av info om lokal fjordsild. Kanskje meir kunnskap kan gi betre forvaltning av fjordane enn i dag og prøver med ei kladdeside: https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Sild_-_kystsild_og_lokal_fjordsild . Lokalhistoriewiki er rekna som ein stabil nettstad og kan brukast til dugnad for å samle informasjon om utbreiding av dei lokale sildesortane

For andre artar er nyleg gitt tillating til Torskeoppdrett for Alida/Egset. Torsken er frå langt tilbake i tid kjend som «kysten sin Houdini»/utbrytarkongen (til samanlikning har vel seien namnet «kystens lasaron» med bakgrunn i uberekneleg vandring). Torsken for Alida brukte ikkje mange dagane til å røme – 87 000 stykke – iflg. teljing – ei ubeskriveleg miljøkatastrofe for lokal torsk. Etter lysbehandling mot gyting – er opplyst å bli steril etter ein tur i «studio» - er den fullt klar til gyting. «Ein kan ikkje stole på si eiga bestemor lenger» var eit mykje brukt uttrykk tidlegare – så sant

Ein av dugnads-hjelparane i grendalaga i informasjonsinnsamling – Oddvar Høydalsvik, 90533204 - har laga denne oversikta så langt han finn informasjon

Vi ynskjer oss levande fjordar og lokalmiljø. Hjelp til du og

Med helsing Austefjord Grendalag v/Lise Ekros –sign-

Indre Dalsfjord Grendalag v/Einar Furnes –sign-